OSTERØY KOMMUNE
Teknisk forvaltning

Cowi AS Avd Bergen
Postboks 2422
5824 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Martin Ivar Henden | 08.04.2022 |
| Vår: 22/933 - 22/9450 | Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no | |

# Kryssing av steingjerde. Nytt VA - anlegg.

Osterøy kommune viser til dykkar spørsmål angåande kryssing av steingjerde i samband med bygging av nytt VA – anlegg gjennom Mjeldalen. Kva som vert kravd for å kunne krysse steingjerde.

Svar.

Søknad om kryssing av steingjerde er det kommunen som handsamar. Før kommunen kan gjere vedtak skal søknaden sendast på høyring til Vestland Fylkeskommune ved kulturminneavdelinga.

Osterøy kommune treng fylgjande opplysningar frå dykk før saka vert send til uttale.

1. Bruk vedlagt kart og merk av dei 4- punkta som VA- ledningen skal krysse.
2. Bilete av kryssingspunkt for steingjerde.
3. Tal meter for kvart gjerde som skal rivast.
4. Skriv litt om kva planar det er for steingjerde etter at leidningen er lagt. Skal steingjerde setjast oppatt/restaurerast.?

Høyringsfrist vert sett til 4 veker.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Hege Eeg | Martin Ivar Henden |
| einingsleiar | fagkonsulent landbruk |

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**
VA Steingjerde

**Kopi til:**
Jan Ove Flatås

**Mottakar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Cowi AS Avd Bergen | Postboks 2422 | 5824 | BERGEN |




0 100 200 300m
Målestokk 1: 15000 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 08.04.2022 10:35
Eiendomsdata verifisert: 08.04.2022 10:30

GÅRDSKART 4630-50/1/0
Tilknyttede grunneiendommer:
50/1/0-50/3/0-50/8/0 m.fl.

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 7 klasser

| TEGNFORKLARING | AREALTALL (DEKAR) | |
|---|---|---|
| Fulldyrka jord | 43.0 | |
| Overflatedyrka jord | 42.5 | |
| Innmarksbeite | 73.8 | 159.3 |
| Produktiv skog * | 330.0 | 330.0 |
| Annet markslag | 123.5 | |
| Bebygd, samf., vann, bre | 6.7 | 130.2 |
| Ikke kartlagt | 0.0 | 0.0 |
| Sum | 619.5 | 619.5 |

* Produktiv skog er skog på fastmark og myr med skogbonitet lav eller bedre.

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser
Eiendomsgrenser
Driftssenterpunkt

Vestland fylkeskommune

Avdeling for
**Kultur, idrett og inkludering (KII)**

| | |
|---|---|
| **Dato** | 08.06.2022 |
| **Vår referanse** | 2022/56044-3 |
| **Dykkar referanse** | |
| **Sakshandsamar** | Jostein Aksdal |
| **E-post** | Jostein.Aksdal@vlfk.no |
| **Telefon** | 90207124 |

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

## Nytt VA-anlegg Mjeldalen -Espevoll - Osterøy kommune tilhøvet til kulturminne

Kulturarv viser til sak om etablering av VA anlegg Mjelddalen – Espevoll Osterøy kommune, og tiltak i samband med gjennomføring av tiltaket sendt oss 04.05.2022 og 11.05.2022, sakene er ved ein feil blitt liggande utan svar.

På strekket mellom Mjelddalen og Espevoll industriområdet er det i våre arkiv kjent fleire kulturminne i Mjelddalen. Slik dykkar oversiktskartet viser planlagt VA tiltak vil gravminnet Id 35912 oppe på Grjothaug ligga nær tiltaket. Her er VA anlegget vist å gå nede i hovudvegen og me reknar potensialet for konflikt som lite. Planane for gjennomføring av VA-anlegg oppe ved Sandbrekkena er meir problematisk, då det her ligg ein større gravhaug – Id 25539 Træshågjen.

Plankartet har markert dette som punkt 4. kartet viser likevel ikkje kulturminnet i rett utstrekning og slik trasekartet er vist no må det ligga føre eit meir detaljert kart som grunnlag for oss til å ta stilling til om tiltaket kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne § 3. Slik skissa grovt skisserer traseen vil anlegget no gå delvis rundt haugen og slik utløyse krav om arkeologisk gransking etter kulturminnelova §4.






I brev av 11.05.2022 viser ein til at tiltaket vil måtte krysse fleire steingardar. Steingardar er ein viktig markør i Osterøy sitt kulturlandskap. Mjeldalen er og registrert som regionalt verneverdig kulturlandskapsområde (K436) og steingardane, som truleg representerer nyare grenser mellom bruka, er del av verdien til dette landskapet.

Det er vist til 4 naudsynte kryssingar på strekket. Av desse er det kryssingane av steingarden mellom 52/1 og 52/2 og kryssinga av bøgarden til gard 49/2 som truleg kan gjevast ei kulturhistorisk vekt. Fylkeskommunen ser at tiltaket med VA anlegg er viktig, men og at nokre av steingardane i seg sjølv har høg verneverdi. Omsynet til kulturlandskap i Mjeldalen gjer at Osterøy kommune bør ha med i

vedtaket at steingardane skal tilbakeførast og setjast i stand att etter at kryssing av VA anlegget er ferdig.

Me ber om at Osterøy kommune sender over detaljerte planar for VA-anlegget si kryssing ved Id 25539 slik at kulturminnevernet kan få tatt stilling til eventuell konflikt.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**
leiar
KII - Arealplan (Førde)

**Jostein Aksdal**
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*




NADER:

- Kulturminne Træshågjen ID25539
- Sikringssone, 5 m utenfor kulturminne
- Grøftekant ny grøft
- Nye VA-ledninger
- FV 5416

| Rev. | Dato | Revideringen gjelder | Nr. | Saksb. | Sidem.k. | Oppdr.a. |
|---|---|---|---|---|---|---|

Osterøy kommune

VA-Anlegg Mjeldalen-Espevoll

Kulturminne ID25539
Passering nye VA-ledninger

| | |
|---|---|
| Tegnet av | abm |
| Saksbehandler | marh |
| Sidemannskontr. | |
| Oppdragsansvarlig | marh |
| Fag | va |
| Målestokk | 1:125 (A1) |
| Dato | 16.06.2022 |
| Oppdragsnr. | A056490 |
| Status | SØKNAD |
| Tegning nr. | H13 |
| Rev. | |

COWI

**Erlend Kloster-Jensen**

| | |
|---|---|
| **From:** | Annemarie B. Aarnes |
| **Sent:** | onsdag 28. september 2022 13:12 |
| **To:** | Erlend Kloster-Jensen |
| **Subject:** | FW: VA-anlegg Mjeldalen Espevoll, 2022/56044-3 |

Med vennlig hilsen

**Annemarie B. Aarnes**

---

**From:** Jostein Aksdal <Jostein.Aksdal@vlfk.no>
**Sent:** Thursday, August 25, 2022 2:20 PM
**To:** Annemarie B. Aarnes <ABM@cowi.com>
**Cc:** Karoline Hareide Breivik <Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no>
**Subject:** SV: VA-anlegg Mjeldalen Espevoll, 2022/56044-3

Hei

Denne saka er i systemet, men stort sakspress skyv dessverre på svar.  Uansett så var eg ute og såg på gravminnet no før ferien, dette sidan våre arkivinformasjonar var sist oppdatert i 2007.
Kulturminnet ligg kloss på bergryggen tett ved vegen. Avgrensinga i Askeladden synes likevel vera nokolunde rett og då vil tiltaket uansett gå utafor sikringssona til kulturminnet.
Det er vel snakk om å bore og då får tiltaket mindre verknad på kulturminnet.

Me har slik ikkje merknader til tiltaket med omsyn til dette kulturminnet.

Med helsing

**Jostein Aksdal**
Seniorrådgjevar

Seksjon for kulturarv
Avdeling for kultur, idrett og inkludering

Vestland fylkeskommune

Tlf: 902 07 124
www.vestlandfylke.no

---

**Fra:** Annemarie B. Aarnes <ABM@cowi.com>
**Sendt:** torsdag 25. august 2022 12:44
**Til:** Vestland fylkeskommune <post@vlfk.no>
**Kopi:** Jostein Aksdal <Jostein.Aksdal@vlfk.no>
**Emne:** RE: VA-anlegg Mjeldalen Espevoll, 2022/56044-3

Hei

Viser til mail sendt i juni ang sak med referanse 2022/56044-3. Kan dere si noe om når vi kan forvente svar på dette?

Med vennlig hilsen

**Annemarie B. Aarnes**
Sivilingeniør VA
VANN Bergen

**COWI AS**
Inger Bang Lunds vei 4
Pb 2422
5824 BERGEN

Sentralbord/ Phone: 02694
Mobile: (+47) 91853322
Email: abm@cowi.com
www.cowi.no / www.cowi.com

Tenk på miljøet - må du skrive ut denne e-posten? / Print only if necessary

---

**From:** Annemarie B. Aarnes
**Sent:** Thursday, June 16, 2022 2:05 PM
**To:** post@vlfk.no
**Cc:** jostein.aksdal@vlfk.no; janove.flatas@gmail.com
**Subject:** VA-anlegg Mjeldalen Espevoll, 2022/56044-3

Hei

Viser til mottatt uttale 08.06.22 med referanse 2022/56044-3. Det etterspørres mer detaljert plan som viser nytt planlagt VA-anlegg forbi kulturminne ID25539 Træshågjen. Detaljert plan ligger vedlagt. Gi beskjed om dere trenger ytterlige opplysninger.

Med vennlig hilsen

**Annemarie B. Aarnes**
Sivilingeniør VA
VANN Bergen

**COWI AS**
Inger Bang Lunds vei 4
Pb 2422
5824 BERGEN

Sentralbord/ Phone: 02694
Mobile: (+47) 91853322
Email: abm@cowi.com
www.cowi.no / www.cowi.com

Tenk på miljøet - må du skrive ut denne e-posten? / Print only if necessary

COWI handles personal data as stated in our Privacy Notice.